



ALVER KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

- Møtedato: 21. februar 2023 kl. 09:00 – 13.10
- Stad: Formannskapssalen, Frekhaug (Meland rådhus)
- Deltakarar: Jimmy Pasali (leiar), Harald Breivik (nestleiar), Karolina Vakt skjold (medlem), Solbjørg Åmdal Sandvik (medlem), Arild Tveranger (medlem), Margrethe Aven Storheim (medlem) og Rolf Sandstad (medlem)
- Forfall:
- Andre: Ordførar Sara Sekkingstad (frå kl. 10.20, sak 04/23 – kl. 12.00 t.o.m. sak 06/23), Kommunalsjef økonomi, Janne Sund (sak 05/23), kommunalsjef HR og utvikling, Lisbeth T. Alvær (sak 06/23) og seniorrådgjevar Silje Graue Lerøy frå Odin prosjekt AS (sak 07/23)
- Revisor: Rune Mydland, revisor, KPMG (sak 04/23)
- Sekretariat: Trude Bruket, Region Nordhordland IKS

INNHALDSLIS TE

01/23 Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet	2
02/23 Godkjenning av protokoll frå førre møte	2
03/23 Meldingar	3
04/23 Orientering: revisjonsrapport interim 2022	4
05/23 Orientering om finansielle måltal og kommunal økonomisk berekraft – inkl. kort status om avslutning av årsrekneskapan	4
06/23 Orientering om Arbeidsmiljøundersøkinga	5
07/23 Revisjonstenester frå 2024 – konkurransegrunnlag	6
08/23 Årsmelding for Alver kontrollutval 2022	7
09/23 Møteprotokollar frå politiske utval	7
10/23 Eventuelt	7



01/23 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE TIL MØTET

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 21.02.2023 er godkjent.

HANDSAMING I MØTET

Ingen merknader.

Kontrollutvalssekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 21.02.2023 er godkjent.

02/23 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 12.12.2022 er godkjent slik den ligg føre.

HANDSAMING I MØTET

Ingen merknader.

Kontrollutvalssekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 12.12.2022 er godkjent slik den ligg føre.



03/23 MELDINGAR

- a. Forvaltningsrevisjon «økonomistyring i Alver kommune» handsama i kommunestyret
- b. Henvending: Vurdering av Alver kommune si klagehandsaming i byggjesaker – med sekretariatet sitt svar
- c. Notat om status på forvaltningsrevisjoner per 6. februar 2023
- d. Budsjettvedtak kontrollutvalsarbeidet 2023
- e. Årsmelding kontrollutvalssekretariatet 2022
- f. Invitasjon til fagkonferanse for kontrollutval 31.5.-1.6.2023
- g. Kopi til kontrollutvalet v leiar_ Habilitetsspørsmål, sak 21_4413-22_91810

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Alternativ 1:

Kontrollutvalet tek meldingssakene til orientering.

Henveninga, melding b «Vurdering av Alver kommune si klagehandsaming i byggjesaker,» vert teke med i arbeidet med risiko- og vesentlegvurdering/plan for forvaltningsrevisjon for neste valperiode.

Alternativ 2:

Kontrollutvalet tek meldingssakene til orientering.

Henvendinga om vurdering av Alver kommune si klagehandsaming i byggjesaker, melding b, vert sett opp som eiga sak i eit seinare møte. Kontrollutvalet ynskjer ei orientering i neste møte.

HANDSAMING I MØTET

Kontrollutvalsleiar gjekk gjennom meldingssakene.

Kontrollutvalet drøfta sak b, med omsyn til framlegg til vedtak i saka.

Kontrollutvalet drøfta dei to alternativa til framlegg til vedtak.

Alternativ 2 vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Kontrollutvalet tek meldingssakene til orientering.

Henvendinga om vurdering av Alver kommune si klagehandsaming i byggjesaker, melding b, vert sett opp som eiga sak i eit seinare møte. Kontrollutvalet ynskjer ei orientering i neste møte.



04/23 ORIENTERING: REVISJONSRAPPORT INTERIM 2022

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek revisor si orientering om interimsrevisjonen til informasjon.

HANDSAMING I MØTET

Revisor Rune Mydland, KPMG, orienterte om interimsrevisjonen.

Kontrollutvalsmedlemmene stilte spørsmål og fekk svar.

Kontrollutvalssekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Kontrollutvalet tek revisor si orientering om interimsrevisjonen til informasjon.

05/23 ORIENTERING OM FINANSIELLE MÅLTAL OG KOMMUNAL ØKONOMISK BEREKRAFT – INKL. KORT STATUS OM AVSLUTNING AV ÅRSREKNESKAPEN

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen om finansielle måltal, KØB og status for avlegging av årsrekneskapen til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Kommunalsjef, økonomi, Janne Sund orienterte i saka. Presentasjonen vert lagt ved protokoll til orientering.

Kontrollutvalsmedlemmene stilte spørsmål og fekk svar.

Kontrollutvalet drøfta vedtaket, og om ein burde ta inn eit punkt om uro kring den økonomiske bærekrafta i Alver framover.

Harald Breivik (uavh) la fram følgande framlegg til eit punkt to i vedtaket:

Kontrollutvalet ser med stor uro på den økonomiske berekrafta fram mot 2026 i lys av den vedtekne økonomiplanen for perioden.

Kontrollutvalet drøfta framlegget til Breivik.

Margrethe Aven Storheim (AP) føreslo å ta ut ordet stor frå Breivik sitt framlegg, og gjorde framlegg om følgande punkt to i vedtaket:

Kontrollutvalet ser med uro på den økonomiske berekrafta fram mot 2026 i lys av den vedtekne økonomiplanen for perioden.



Kontrollutvalet stemte over Breivik sitt framlegg. 3 stemte for: Breivik (Uavh.), Pasali (Uavh.) og Tveranger (FrP). 4 stemte mot: Vaktskjold (KRF), Sandvik (SP), Storheim (AP) og Sandstad (KRF). Framlegget fall.

Kontrollutvalet stemte over Storheim sitt framlegg. 6 stemte for: Breivik (Uavh.), Vaktskjold (KRF), Sandvik (SP), Tveranger (FrP), Storheim (AP) og Sandstad (KRF). 1 stemme mot: Pasali (Uavh.) Framlegget vart vedteke, og lagt til som eit punkt to i tillegg til sekretariatet sitt framlegg til vedtak.

VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen om finansielle måltal, KØB og status for avlegging av årsrekneskapen til orientering.

Kontrollutvalet ser med uro på den økonomiske berekrafta fram mot 2026 i lys av den vedtekne økonomiplanen for perioden.

06/23 ORIENTERING OM ARBEIDSMILJØUNDERSØKINGA

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen om arbeidsmiljøundersøkinga og sjukefråversstatistikken til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Lisbeth T. Alvær, kommunalsjef HR og utvikling, orienterte i saka. Presentasjonen vert lagt ved protokoll.

Kontrollutvalsmedlemmene stilte spørsmål og fekk svar.

Kontrollutvalssekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen om arbeidsmiljøundersøkinga og sjukefråversstatistikken til orientering.



07/23 REVISJONSTENESTER FRÅ 2024 – KONKURRANSEGRUNNLAG

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet vedtek framlagt konkurransegrunnlag frå Odin prosjekt AS, utarbeid i samarbeid med sekretariatet.
2. Oppdraget om revisjonstenester skal lysast ut forskriftsmessig gjennom Alver kommune sine kanalar (Merzell-konto).
3. Kontrollutvalssekretariatet ved Region Nordhordland IKS er ansvarleg for heile innkjøpsprosessen. Odin prosjekt AS bistår med innkjøpsfagleg kompetanse.
4. Kontrollutvalet skal i seinare møte gjera vedtak om val av leverandør etter gjennomført evaluering av innkomne tilbod.

HANDSAMING I MØTET

Kontrollutvalet røysta over å lukke møtet då dokumenta i saka er unnateke offentlighet. Dette vart samrøystes vedteke.

Møtet vart lukka kl. 12.10, jamfør kommuneloven § 11-5 andre ledd, med heimel i offentleglova § 13 andre ledd

Seniorrådgivar i Odin prosjekt AS, Silje Graue Lærøy, og kontrollutvalssekretær Trude Bruket orienterte i saka. Odin prosjekt AS bistår kontrollutvalet, og sekretariatet, med gjennomføringa av den offentlege innkjøpsprosessen.

Kontrollutvalsmedlemmene stilte spørsmål og fekk svar.

Møtet vart opna kl. 13.00, før kontrollutvalet gjorde vedtak i saka.

Kontrollutvalssekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

1. Kontrollutvalet vedtek framlagt konkurransegrunnlag frå Odin prosjekt AS, utarbeid i samarbeid med sekretariatet.
2. Oppdraget om revisjonstenester skal lysast ut forskriftsmessig gjennom Alver kommune sine kanalar (Merzell-konto).
3. Kontrollutvalssekretariatet ved Region Nordhordland IKS er ansvarleg for heile innkjøpsprosessen. Odin prosjekt AS bistår med innkjøpsfagleg kompetanse.
4. Kontrollutvalet skal i seinare møte gjera vedtak om val av leverandør etter gjennomført evaluering av innkomne tilbod.



08/23 ÅRSMELDING FOR ALVER KONTROLLUTVAL 2022

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet vedtek årsmeldinga for 2022 slik den ligg føre. Sekretariatet sender årsmeldinga til kommunestyret til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Kontrollutvalssekretær Trude Bruket gav ei kort orientering om format og innhald i årsmeldinga.

Kontrollutvalet drøfta årsmeldinga.

Kontrollutvalet ynskjer at leiar legg fram årsmeldinga i kommunestyret.

Kontrollutvalssekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Kontrollutvalet vedtek årsmeldinga for 2022 slik den ligg føre. Sekretariatet sender årsmeldinga til kommunestyret til orientering.

09/23 MØTEPROTOKOLLAR FRÅ POLITISKE UTVAL

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Ingen saker ut over dei som var nemnd i saksframlegget vart løfta fram.

Kontrollutvalssekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

10/23 EVENTUELT

Ingen saker meldt.



Finansielle måltall og økonomisk bærekraft Alver kommune



ALVER
KOMMUNE

Finansielle måltall Alver kommune

- Politisk sak 077/21
- Utvikling måltall:

Område	Mål	2020	2021	Budsjett 2022	Økonomiplan 2023	Økonomiplan 2024	Økonomiplan 2025	Økonomiplan 2026	Mål 2027
Netto driftsresultat	3 %	0,4 %	2,9 %	-2,3 %	-5,5 %	-2,2 %	-0,1 %	1,0 %	3,0 %
Størrelse på disposisjonsfond i prosent av frie inntekter	15 %	14,0 %	17,8 %	12,4 %	5,6 %	2,2 %	1,8 %	2,9 %	15,0 %
Netto rentebærende gjeld i prosent av frie inntekter	< 100%	124 %	116 %	109 %	96 %	93 %	90 %	89 %	100 %



Kvifor har det vore negativ økonomisk utvikling i Alver kommune?

- Renteauke (renteauke på 1% gjev 21 mill. kr i auka renteutgifter)
- Generell prisauke
- Auke straumutgifter
- Auka behov innan helse og omsorg
- Vedlikehaldsetterslep bygningar og vegar



Vedtatte innsparinger i økonomiplan 2023 - 2026

<i>Sektorer</i>	<i>Opprinnelige innsparinger i 2023 - 2026</i>	<i>Fordeling av 30 mill. kr i innsparing, jfr. Vedtak i kommunestyret</i>	<i>Konkrete innsparinger jfr vedtak i kommunestyret desember 2022 for 2023 - 2026</i>	<i>Innsparinger totalt 2023 - 2026</i>	<i>Andel av innsparing som pt er "uspesifisert" og skal utgreiast</i>	<i>Foreslåtte satsinger/ innsparingar som ble reversert i vedtaket i kommunestyret desember 2022 for 2023 - 2026</i>
<i>Politisk styring</i>	-1 000	-539		-1 539		
<i>Administrativ styring, økonomi og HR</i>	-4 833	-2 785	-300	-7 918		-2 000
<i>Prosjekt</i>		-50		-50		-900
<i>Samfunnsutvikling</i>	-21 575	-1 000		-22 575	-14 100	2 142
<i>Helse og omsorg</i>	-35 120	-11 773		-46 893	-41 073	
<i>Oppvekst</i>	-87 020	-11 336	-1 620	-99 976	-77 736	3 350
<i>Teknisk forvaltning og drift</i>	-15 550	-2 518		-18 068		
<i>Sum løyvingar drift, netto</i>	-165 098	-30 000	-1 920	-197 018	-132 909	2 592

Vegen vidare knytt til «uspesifiserte» innsparingar på 133 mill. kr:

- Helse og omsorg: prosjektet skal identifisere realistiske innsparingar og definere konkrete innsparingstiltak (uspesifiserte innsparingar utgjer 41 mill. kr i 2023 - 2026)
- Oppvekst: Uspesifiserte innsparingar utgjer 78 mill. kr i 2023 -2026
 - Skule- og barnehagebruksplan skal vise handlingsrom for å gjennomføre innsparingar knytt til demografi (innsparing knytt til demografi på sektoren utgjør 50 mill. kr)
 - Reduksjon uspesifisert ekskl. demografi: 27,7 mill. kr. Av dette er 4 mill. kr budsjettert og vert gjennomført i 2023, 12 mill. kr vert jobba vidare med knytt til barnevern og oppvekstreforma (jfr. Tiltaksbeskrivelse), og 11 mill. kr er knytt til innsparinga som vart vedteken i desember. Dette er det pt ikkje avklart korleis skal gjennomførast
 - I tillegg er det budsjettert:
 - Reduksjon årsverk skule 2023 – 2026: 11,3 mill. kr – gjennomførast i ressurstildelinga til skulane
 - Reduksjon årsverk stab: 1,3 mill. kr – synleggjere kva oppgåver som evt. må prioriterast bort, eller synleggjere oppgåver som må gjennomførast på skulane og barnehagene
- Samfunsutvikling: Uspesifisert innsparing i 2023 – 2026 utgjer 14 mill. kr
 - Redusert ramme kultur - 10 mill. kr. jfr. Innsparingstiltak. Eigen utgreiing og analyse vert gjennomført i 2023 – tas med vidare i kommande økonomiplan
 - Uspesifisert innsparing sektor – utgjer 4 mill. kr. Greie ut handlingsrom, tiltak og konsekvensar i samband med komande økonomiplan



Rekneskap 2022

- Rekneskap for 2022 vert ferdigstilt og sendt inn 22. februar 2023 i samsvar med fristen i kommunelova.
- Orientering i kommunestyret 23. februar
- Budsjettet med negativt netto driftsresultat på 61 mill. kr. Den endelege rekneskapen vil vise lågare negativt driftsresultat enn budsjettet.





Kontrollutvalet

Frekhaug, 21.02.23



ALVER
KOMMUNE

Kort om 10-faktorundersøkinga

- Forskningsbasert medarbeiderundersøking og lederutviklingsverktøy.
- Måler ti faktorer som er avgjørende for å oppnå gode resultater – og som kan påvirkes gjennom målrettet utviklingsarbeid.
- Ca 260 kommuner bruker 10-faktor.
- Gjennomført mai 2022 (hvert 2. år)
- Svarprosent i Alver 70,8 % (1981 svar). Snitt for Norge i 2021 var 67 %.
- Anonym (min 7 respondenter)
- Systematisk oppfølging i alle avdelingene, og opplæring og tema på teneste- og avdelingsledersamlinger.



10 FAKTORER:



1. Indre motivasjon



2. Mestringstro




3. Autonomi



4. Bruk av kompetanse



5. Mestringsorientert ledelse



6. Rolleklarhet



7. Relevant kompetanseutvikling



8. Flexibilitetsvilje



9. Mestringsklima



10. Prososial motivasjon

Resultat 10-faktor 2022

Faktor	Navn	Alver 2022	snitt Norge	Radøy 2018	Lindås 2018	Meland 2018
Faktor 1	Indre motivasjon	4,1	4,3	4,2	0	4,2
Faktor 2	Mestringstro	4,3	4,4	4,3	4,4	4,3
Faktor 3	Autonomi	4,1	4,3	4,1	4,4	4,3
Faktor 4	Bruk av kompetanse	4,1	4,2	4,2	4,2	4,2
Faktor 5	Mestringsorientert ledelse	3,8	4	3,9	3,9	3,8
Faktor 6	Rolleklarhet	4,1	4,3	4,2	4,1	4,2
Faktor 7	Relevant kompetanseutvikling	3,5	3,7	3,5	3,5	3,5
Faktor 8	Fleksibilitetsvilje	4,4	4,4	4,5	4,4	4,4
Faktor 9	Mestringsklima	4	4,2	4	4	4
Faktor 10	Prososial motivasjon	4,6	4,7	4,6	4,6	4,6




Sentrale funn

- Vi har en arbeidstokk som i stor grad oppgir å være fleksibel, indre motivert og som motiveres av å løse samfunnsoppdraget.
- Til tross for «ny kommune» og pandemi skiller vi oss ikke vesentlig fra snittet for kommune-Norge.
- Vi skiller oss heller ikke vesentlig fra resultatene i Lindås, Meland og Radøy.
- Vi bør fortsette arbeidet med lederopplæring/-utvikling og mestringsorientert ledelse.
- Vi bør også jobbe systematisk med kompetansebegrepet og relevant kompetanseutvikling.




Oppfølging i 3 trinn






ALVER
KOMMUNE

Sjukefråvær kvartalsvis Alver kommune 2021-2022



Sjukefråvær Alver kommune 2022



4.kvartal 2022

Sjukefråvær pr tenesteområde 2021-2022

Tenesteområde	1. kvartal 2021	2. kvartal 2021	3. kvartal 2021	4. kvartal 2021	1. kvartal 2022	2. kvartal 2022	3. kvartal 2022	4. kvartal 2022	Trendlinje
Sjukeheimar	14,1	14,1	13,3	18	16,8	13,4	12	14,9	
Heimetenestene	12,8	12,4	9,5	13	14,1	12,3	11,7	12,8	
Habiliteringstenester	10,3	13,6	11	13,1	12,7	9,2	8,7	11,2	
Lege og rehabiliteringstenester	9,9	9,9	9,1	10,9	12,1	10,3	9,5	11,4	
Psykisk helse og rus	6,6	4,8	7,4	10,6	11	9,2	6,8	7,4	
NAV	8,3	8,2	3,5	4,5	8,6	6,7	4,3	9,1	
Barnevern	12,4	12,2	10,9	14,3	11,9	12	11,5	14,5	
Skular	11,1	9,5	4,6	10,3	13,1	7,8	5,1	10,6	
SFO	13,9	12,6	8,4	14,6	13,7	7,2	4,7	11,3	
Barnehage	16	14,4	12	16,7	19,9	11	8,9	15,5	
PPT	2,6	2,8	2,8	5,1	8,9	3,1	4,4	7,2	
Helsestasjon og jordmortenesta	6,4	10,4	9	15,3	16,7	13,4	14,7	15,9	
Arealforvaltning	4,6	8,6	1,4	4,8	4,9	4,6	2,1	4	
Drift og vedlikehald	6,7	6,8	7,9	10	9,3	7,5	4,9	7,2	
Eigedomsforvaltning	5,7	10,7	4,6	4,3	4,2	2,8	0,7	3,4	
Plan og analyse	5,3	5,9	1,9	5,6	10,5	4	3,5	0,7	
Kultur	5,2	7,2	4,6	2,5	5,4	6,5	6,9	5,1	
Brann og redning	8,8	7,2	7,1	9,9	7,8	4,3	9,8	9,6	
HR og utvikling	5,7	7,6	6,9	5,9	4,9	4,8	2,2	5,6	
Økonomi	4,9	4	5,9	4,3	3,4	5,3	4,8	10	

Sykefravær 4. kvartal


Høyest sykefravær:

- 1) Helsestasjon og jordmortjenesta 15,9 %
- 2) Barnehage 15,5 %
- 3) Sjukeheim 14,9 %

Pågående sykefraværprosjekt

- En god dag på jobben (bransjeprogram)
- «HelseArbeid»





Kort om faktorene

10-FAKTOR: KS' medarbeiderundersøkelse
PERIODE : 2019

10 FAKTORER:



1. Indre motivasjon
2. Mestringstro
3. Autonomi
4. Bruk av kompetanse
5. Mestringsorientert ledelse
6. Rolleklarhet
7. Relevant kompetanseutvikling
8. Flexibilitetsvilje
9. Mestringsklima
10. Prososial motivasjon

Faktor	Hva måles
1. Oppgavemotivasjon	Motivasjon for oppgaven i seg selv (indre motivasjon), jobbglede
2. Mestringstro	Tiltro til egen jobbkompetanse og mestringsmuligheter
3. Selvstendighet (autonomi)	Opplevd tillit og mulighet til å jobbe selvstendig
4. Bruk av kompetanse	Opplevd bruk av egen kompetanse (mobilisering av kompetanse)
5. Mestringsorientert ledelse	Ledelse med vekt på å gjøre medarbeideren best mulig ut fra sine forutsetninger
6. Rolleklarhet	Tydlig kommuniserte forventninger til rollen medarbeideren skal fylle
7. Flexibilitetsvilje	Villighet til å være fleksibel på jobb, og måten man jobber på
8. Relevant kompetanseutvikling	Mulighet til å få kompetanseutvikling som er relevant til arbeidsoppgavene og jobben du gjør
9. Mestringsklima	Kultur for å samarbeid, lære og gjøre hverandre gode
10. Nytteorientert motivasjon	Ønske om å bidra til nytte og måloppnåelse (prososial motivasjon)

(Fletre et al. 14)